



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	24.09.2025	104/25

Oppstart av planarbeid for kommunedelplan for naturmangfald og framlegg til planprogram til 1. gongs handsaming

Vedlegg

- 1 Framlegg til planprogram KDP Naturmangfald

Dokument i saka

[Kommunal planstrategi 2024-2027](#), vedteke i kommunestyret 14.05.24, sak 77/24.

Bakgrunn

I tråd med Kommunal planstrategi for Vinje kommune 2024-2027 vedteke av kommunestyret 14.05.24, sak 77/24, skal kommunen i gang med arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i 2025. For å møte dette søkte kommunen om tilskot frå natursats-ordninga til miljødirektoratet, og fekk løyving i brev datert 23.06.25.

Det er utarbeidd eit framlegg til planprogram i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, sjå vedlegg 1. Planprogrammet skal styrkje medverknad og bidra til ein målretta og føreseieleg prosess. Planprogrammet tek for seg viktige tema som ein skal sjå nærer på i planarbeidet. Tema i planprogrammet er ikkje endelege, og det er mogeleg å redigere desse etter innspel og medverknad dersom det er føremålstenleg.

Vurdering

Kommunedirektøren rår til å leggje framlegg til planprogram ut på høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og 11-13 slik den ligg føre, og samstundes varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for naturmangfald i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for naturmangfald vert lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13. Det vert samstundes varsla oppstart av planarbeid for kommunedelplan for naturmangfald i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 104/2025 i møtet den 24.09.2025

Røysting

Tilleggsframlegg frå Ane Killingtveit (Sp):

Sti- og løypeplanen for Hardangervidda blir lagt inn i planprogrammet.

Kommunedirektørens framlegg blei samrøystes vedteke

Tilleggsframlegget til Killingtveit blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Vedtak

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for naturmangfald vert lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13. Det vert samstundes varsla oppstart av planarbeid for kommunedelplan for naturmangfald i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.

Sti- og løypeplanen for Hardangervidda blir lagt inn i planprogrammet.
